

## Innkalling og referat Utdanningsutvalet FHS

Dato: 3.2.20 H213 kl 13.00 – 17:00

**Til stades:** Toril Forbod, Anne-Grethe Naustdal, Eli Bjøvdal Eikefjord, Berit Marie Njøs, Cecilie Thaulé Løvlid, Kristin Senneset, Siri Skeie Dervo (vara studentrepresentant), Fredrik Sørensen (studentrepresentant) og Hilde Kristin Tveit

**Meldt avbod:** Johannes Haltbakk

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
<b>1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste</b>		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Saker til eventuelt? Presentasjon nye studentrepr.	Prodekan	10 min
<b>Referat:</b> Innkalling og sakliste blei godkjend utan kommentarar. Det var greitt for medlemmane å få tilgang til alle dokumenta i Teams. To nye studentrepresentantar blei ønska velkomen. Heile utvalet fekk presenterte seg for dei nye studentane. Ei sak blei meldt til eventuelt: Kva skjer med sakene som kjem inn i Sei i frå- systemet?				
<b>2/20 Årsplan 2020 for utdanningsområde</b>	1 vedlegg i teams: Utkast årsplan utdanning	Utdanningsutvalet bes om å gje innspel til fakultetet si årsplan innan område utdanning for 2020.	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	30 min

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap****Referat:**

Fakultetet ynskjer å få innspel til årsplanen for 2020. Utdanningsutvalet fått den delen av årsplanen som gjeld utdanning og har kunn dette møtet til å gje innspelt på, før den blir endeleg vedtatt. Malen følger planen frå i fjor.

Utdanningsutvalet tykkjer fakultetet har jobba fram eit godt utkast til årsplan for 2020 og tykkjer det er bra å få kome med innspel på denne.

**Utvalet har følgjande kommentarar til årsplanen:**

- Å få gode rutinar og informasjonsflyt i arbeidet med internasjonalisering er etterspurd. Det er ikkje god nok kommunikasjon frå Internasjonalt kontor (IK) og mellom dei ulike campus. Dette er dekkja i punkt 1.3.3.
- IK må vere meir i kontakt med fagmiljøa. Klårare rutinar og tydelege ansvar mellom fagmiljøa og IK vil hjelpe til med dette. Det er viktig å informera studentane
- Fakultetet har mykje studentutveksling både inn og ut. Det er no behov for å forankra internasjonalt samarbeid internt. Nye avtaler mellom HVL og kommunane/helseføretaka kan ivareta noko av dette. Internasjonalisering bør ein ta med inn i dei nye praksisavtalene – og bør også tas med inn i årsplanen
- Studentar melder at informasjon på nettsidene er tungvint å finna fram i. Det er og uklart kven dei skal kontakte. Kommunikasjon til studentane må også bli betre. Informasjonen må vere lett å finna
- Overgangsordningane og utfasing av studieplanar – pkt. 1.2.3 er det nok eller bør ein leggja meir vekt på dette? Det er viktig at høgskulen er einige om korleis dette kommuniserast ut til studentane og fagmiljøa og korleis det følgjast opp
- Spørsmål til pkt. 1.2. 3. Sjukepleie får like emneplanar frå hausten 2020. Studentane frå sjukepleie Bergen er redd for at undervisninga i anatomi blir redusert. Bergen har hatt mykje god undervisning med timelærar frå Haukeland sjukehus. Emneplanen blir lik men det blir lokal variasjon i gjennomføringa av undervisning. Bergen kan fortsetje med å ha dei timelærarane dei har hatt og fagleg leiing prioriterer dette. Digitale læringsressurar vil utviklast og undervisningskvaliteten har vi som mål å skulle bli betre for alle campus.
- Digital kompetanse:
  - Satsinga i fakultetet kjem fram på 1.5.3 – digitale læringsressursar som kan brukast lokalt
  - Studentrepresentantane meiner det er vanskeleg å finne fram i emne på Canvas. Kan det leggjast til rette for opplæring i bruk av Canvas eller tilbod om opplæring i fadderveka? Same oppsett i mappene på Canvas vil gjere det enklare å finna fram
  - Utdanninga er også knytt til at faglærarane ikkje kan bruke Canvas godt nok. Det gjeld og bruk av teknisk verktøy
  - 7-8 nye programvarer er nye. Det er mykje system og verktøy på kort tid som lærarane skal ta i bruk. Høgskulen må tenkje noko overordna. Digital kompetanse må vektleggjast

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

- Obligatorisk læringsaktivitet brukast myke hos studentane. Studentane spør om høgskulen kan vurdere å innføra noko liknande for dei fagtilsette nå det gjeldt digitale verktøy og – kompetanse?
- 1.1 Medverknad – det er viktig at studentane forstår kva omgrepet betyr. Kan nytt system med studenttillitsvalt på institutt og fakultetsnivå betre ivareta studentane si medverknad? Er fakultetet dårleg på å informere om f. eks. Studieprogramråda og kor sentrale dei råda er for studentane si medverknad? Studentmedverknad bør inngå som eit tema i alle kullmøter, referansegrupper på emnenivå
- Obligatoriske læringsaktivitetar vil også innebere meir studentaktivitet i undervisninga
- Til slutt eit generelt og viktig innspel: Punkta i årsplanen må vere konkrete og målbar. Korleis kan fakultetet måle at årsplanen er nådd? Er det mogleg å krysse av når tiltaka er nådd?

<b>3/20 Open utdanning- FHS si satsing på digitale læringsressursar</b>	1 vedlegg ligg i teams	Utdanningsutvalet bes om å gje innspel og råd på fakultetet si satsing på open utdanning og digitale læringsressursar.	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	20 min
---	------------------------	--	---	--------

**Referat:**

Fakultetet ynskjer å kunne nytte DLR og Canvas Commons for deling av læringsressursar. Er fakultetet på rett veg? Open utdanning skal bl. anna vere i fokus på den neste utvida leiarsamling i fakultetet.

Utdanningsutvalet tykkjer open utdanning er bra for fakultetet og støtter arbeidet kring dette. Utvalet har følgjande kommentarar:

- Det er viktig å diskutera dette i UU. Det er enno ei haldning om å halde forelesningane som sitt eige. Det krevjast ei endringsleiing for å lukkast med open utdanning. Fakultetet bør fortsetje med å fremje delingskultur og fokusere på korleis lærarane kan ta i bruk dei nye systema og dei læringsressursane som dei etter kvart vil finne der
- Fakultetet bør setje av noko ressursar til dette arbeidet- som å dekkje reise for deltakarar til kurs ol.
- Utdanningsutvalet tykkjer open utdanning også bør vere tema på fakultetsseminar og samlingar framover
- Ein må vere også oppmerksom på at læringsressursane skal vere Universelt Utforma. Dette gjeld også for fellesadministrasjonen og alt det dei legger ut av materiale på nettsidene

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

<p><b>4/20 Utvikling av kvalitetsarbeidet</b></p>	<p>Vedlegg: Erfaringar frå studieprogramråd og tema som har vore behandla.</p> <p>Forslag til mal for å summera opp kvalitetsarbeidet på studie. Sjå vedlegga i Teams</p>	<p>Utdanningsutvalet får sjå saker som har vore behandla i studieprogramråda i fakultetet. Utvalet bes om å kome med innspel til tema som fakultetet bør ta tak i.</p> <p>Korleis formidle referat og emnerapportar mm frå kvalitetsarbeidet på ein god måte? Er vedlagt mal ein måte å få oversikt på arbeidet? Utdanningsutvalet bes om å gje innspel til korleis kvalitetsarbeidet kan oppsummerast på fagseksjonen.</p>	<p>Kvalitetsrådgivar orienterar og innleiar til diskusjon</p>	<p>15 min</p>
<p><b>Referat:</b> Utdanningsutvalet har fått oversikt over Studieprogramråda i fakultetet og kva for råd som no er i gong. Dei har og sett kva saker som har vore behandla i Studieprogramråda. Utdanninga for råda er korleis dei på best måte kan løfta diskusjonane om kvalitetsarbeidet i Studieprogramrådet. Korleis kan ein på ei enkel måte formidla kvalitetsarbeidet til Studieprogramråda? Alle referata frå kvalitetsarbeidet ligg på Sharepoint men det er mykje å lese. Det er laga ein modell for korleis ein kan tenkje seg at sak om oppfølging av evalueringsarbeidet kan gjerast, der rådet får ein god oversikt over tiltaka om er løfta fram alle referata.</p> <p>Utdanningsutvalet har følgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er bra å ha ei mal for å vurdera tiltaka frå kullmøte, referansegruppemøte, dialogmøte om anonyme evalueringar. Det bør vera plass for og rom for å vurdera tiltaka i malen</li> <li>• Det er og viktig at referata frå referansegruppemøte og kullmøte er tydelege på kva tiltak som kan vere passane. Det vil gjere det lettare å følge opp kvalitetsarbeidet</li> <li>• Bør studentane få undervisning på korleis referat frå kullmøte og referansegruppemøte bør skrivast og at tiltak er ein sentral del å få fram i referata?</li> </ul>				

**Fakultet for helse- og sosialvitskap**

- Fagseksjonsleiar tykkjer at dei avsluttande dialogmøte med emneansvarleg er viktige og at ein der også bør fokusera på tiltaka
- Master program – det er nok med to møter i Studieprogramrådet pr år
- Bør det holde med referata?
- Er dette emnerapportering? Nei - det er ikkje emnerapportering. Malen som er foreslått skal summere opp kvalitetsarbeidet. Studieprogramrådet får ei oversikt over kvalitetsarbeidet i studieprogrammet. Oversikten skal vere utgangspunkt for at Studieprogramrådet kan følge med på kvalitetsarbeidet og dei tiltaka som er satt i gong og gje fagseksjonsleiar vidare råd i arbeidet med kvalitet i utdanninga. Det er i tråd med det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane
- Anna som er sentralt å diskutera i Studieprogramråda er å diskutera nye trendar, kva som kjem i tida framover og å sjå praksis med fokus på innovasjon
- Utdanningsutvalet tykkjer at ei slik oversikt over kvalitetsarbeid vil vere eit nyttig verktøy for Studieprogramrådet slik at rådet kan vurdere kvalitetsarbeidet i studieprogrammet

<b>5/20 Studiebarometeret 2019</b>	Vedlegg:  Sjå vedlegga i Teams	Sjå utviklinga frå 2018 og til i år. Utdanningsutvalet bes om å kome med innspel på oppfølging av Studiebarometeret	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	30 min
------------------------------------	--------------------------------------	---	---	--------

**Referat:**

Resultatet frå Studiebarometeret 2019 er mykje likt resultatet frå 2018. Tilbakemelding, rettleiing, medverknad og organisering av studieprogramma er indikatorar som går igjen som skårar lavt. Dei ulike fagseksjonsleiarane er i stor grad klar over årsaka til at studentane svarar slik dei gjer. Det har samanheng med kva som skjer i dei emna som går når studentane svarar på studiebarometeret. Det er institutta og dei enkelte fagseksjonane sjølv som jobbar med å finne tiltak. Utdanningsutvalet får det samle resultatata til fakultetet til orientering.

Utdanningsutvalet har følgjande kommentarar til Studiebarometeret 2019.

- Å gje tilbakemelding til studentane - tas med inn i årsplanen for 2020
- Praksis bør også tas med i årsplanen

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

- Studentane jobbar mykje ved sida av skulen. Informasjonen om kor studentane skal i praksis kjem ofte seint. Eksempel: dei skal ut i praksis si uke 11 og får melding om kor dei skal i praksis seint i veke 8. Dei vil ha informasjon om praksisplass før dei betal semesteravgifta. Det er uråd å skaffa seg hybel når informasjonen kjem så seint
- Nyttig å få oversikt spesielt for praksis
- Korleis gjer vi med tilbakemelding? Fakultetet bør ha eige seminar om å gje konstruktiv tilbakemelding på tekstar
- I nokre av studieprogrammane har studentane svart før dei har vore i praksis – det burde ikkje vere mogeleg å svara på spørsmåla om praksis når studentane ikkje har vore i praksis
- Studentane blir bombardert med informasjon
- Studentane må svara på studiebarometeret i samband med undervisingen. Dei bør få informasjon i forkant og faglærar bør setje av 10 min. til å svare på undersøkinga
- Sensorretteiinga er nå offentleg. Ein kan ikkje sjå noko utslag på resultata
- Studiebarometeret har no vore i 10 år. Det gir oss lite nytt, mykje går igjen

Etter fusjonen er det fleire ting å ta tak i. Når HVL blir meir samla kan det blir betre står i framtida.

**Varm suppe i kantina 14.45 – 15.30**

<p><b>6/20 Høyring på modell for omorganisering ved FHS-oppfølging av styresak om senterstruktur HVL</b></p>	<p>Tre vedlegg i teams:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ny modell for organisering – PP-presentasjon</li> <li>2. Sluttrapport arbeidsgruppe senterstruktur</li> <li>3. Styrevedtak senterstruktur</li> </ol>	<p>Høyringsinstansane blir bedne om å:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1.Vurdere forslaget til modell og gje tilbakemeldingar på organisering i linje og matrise.</li> <li>2.Kome med innspel på dei konsekvensane av modellen som er skissert for: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Senter for kunnskapsbasert praksis</li> <li>• Senter for omsorgsforskning vest</li> <li>• Institutt for helse og funksjon</li> </ul> </li> </ol>	<p>Dekan innleiar</p>	<p>45 min</p>
--	--	--	-----------------------	---------------

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

		3.Kome med innspel til eventuelle andre endringar i modellen.		
--	--	---	--	--

**Referat:**

Dekan innleia til diskusjon via Skype

Bakgrunn:

Styret har gått gjennom senterorganisering og lagt frem prinsipp for forskingssentra. Det blei satt ned ei arbeidsgruppe ved FHS knytt til senterstruktur i lys av dei nye vedtekte prinsippa. No teiknar framlegget til at senter for omsorgssenter fortsett som før og ein må finne ei god løysing for Senter for kunnskapsbasert praksis, som ikkje stettar kriteria. Mykje av aktiviteten i senteret er knytt til drifta av master i KBP. I diskusjonar i miljøet er det ynskje om eit samla miljø.

I dag er forskingsaktiviteten i matrise – på tvers av sentra og institutt. Senteret og KBP har hatt ein viktig jobb inn mot utdanningane. Metode er sentralt i masterprogramma. Senteret har bidratt mykje til e læring og utvikling av MAMET500 emnet. Tilsette i andre deler av fakultet jobbar med KBP. Fakultetet har fått midlar frå DiKu til 2 prosjekt. Har internfinansiering til å opprette forskingsprogram på utdanningsforskning.

Fakultetet startar no eit arbeid med eit arbeid der master i KBP reviderast og ein opprettar ei studieretning for radiografi og ergoterapi inn i masterprogrammet. Dei to studieretningane er ved Institutt for helse og funksjon.

På sikt kan det bli endringar i fagseksjonen i instituttet. Kan styrke fagseksjonen master i fysioterapi og ny master i rehabilitering.

KBP har størst endring. Det bli tettare kopling på tvers i fakultetet. Der er foreslått ein ny fagseksjon i IHF. I dag er det 4 fagseksjonsleiare i 50 % stilling. IHF er eit lite institutt med base i Bergen. IHO er eit stort institutt frå før. Plassering handlar og om kapasitet til institutta. Alle BA utdanningane kan søke seg inn på KBP. Ein ynskjer starte med ergoterapi og radiografi. Dette kan utvidast med andre studieretningar seinare.

Høyringa vil gå til fakultetsrådet og skal forhandlast med tillitsvalte på institusjonsnivå etter at forslaget er ferdig frå fakultetet.

**Kommentarar får utdanningsutvalet:**

- Er diskutert lite i fagmiljøa i IHF - konsekvensar for det aktuelle miljø diskutert no
- Det er bra at studieprogrammet master i KBP kommer inn i eit institutt

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

- Fellesemne MAMET 500 ligg også i KBP
- Det er vanskeleg å vurdere fagmiljø.
- Fakultetet svarer på styret si melding. FHS får ein tydeleg organisering av master i KBP. Det er gjort ein stor jobb. Fakultetet har riktig retning på arbeidet
- Bra at ergoterapi og radiografi får en studieretning i KBP
- Forskingsprogram for utdanningsprogram – vil styrke statusen også for utdanningane. Det kan gje oss meir fokus på verksemda vår.
- Kva ligger i forskingsprogram? Fakultetet må lage eigne retningslinjer for dette – bør ha eksternfinansiering og at ein har ei anna leiing av programmet enn i ein forskargruppe. Kan og ha det i ein 2 års periode. Kan innlemme forskingsgrupper i programmet. Aktivitetane må vere eksternfinansiert

<b>7/20 Ny rettleiar for BA og MA oppgåva samt rettleiingsavtalar</b>	Vedlegg: Sjå vedlegga i Teams	Utdanningsutvalet bes om å gje innspel på høyringsutkastet til nye rettleiarane og rettleiaravtalane.	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	30 min
---	----------------------------------	---	---	--------

**Referat:**

Bakgrunn – ny forskrift om studie og eksamen ved HVL

Kommentarar bacheloroppgåva:

- Maksimalt 8.000 ord - bør det vere noko minimum?
- Kan og skrive essay – læringsutbytte er utgangspunkt for oppgåva
- Skal vere ein bacheloroppgåve på 15 studiepoeng
- Biblioteket publiserer beverpelsar om A og B. Det har vært noko utfordringar om B utgåver. Bør ein berre publisere A oppgåver?
- Språk – ta inn det som står i språkpolitiske retningslinjer
- Grunnlag for faste fristar for BA oppgåva
- Bra at rettleiar ikkje er sensor - uhilda vurdering er bra!
- Rettleiing må være med ein som har mastergrad....viktig!
- Rettleiaravtalen bør leggjast inn i FS - gjeld MA oppgåva
- Kan være på minimum 2 rettleiinger på bacheloroppgåva



**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

- Studentane kan få tilbod om 4 timar der 3 bør vere obligatoriske

Kommentarar - MA oppgåva

- Bør ha førstestillingsskompetanse
- NTNU har berre individuelle oppgåver – Bør masteroppgåva vere individuell?
- Rettleiing i samsvar med emnestørrelsen
- Kva med artikkel?
- Må stå førstekompetanse
- Større krav til fageig innhald ved større oppgåver 45 sp enn 30 sp.
- Innlevering - kan det vere ein fast dato?
- Bruke ressursane på undervisning/rettleiing meir enn på munnleg høyring
- Følje språkpolitisk retningslinjer

Utdanningsutvalet tykkjer det er ryddig og oversiktleg med felles retningslinjer.

<p><b>8/20 Orienteringssaker</b></p>	<p>Vedlegg: Sjå vedlegg i Teams</p> <p>Og lenka- <a href="#">Pilotordning for kommunal praksis i helse- og sosialutdanningene</a></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nye rettleiar med kriterium for Obligatorisk studiedeltaking – jmf vedlegg</li> <li>• Ny ordning med studenttillistvalt i fakultetet.</li> <li>• Status Operasjon praksis bachelorutdanningane</li> <li>• Diku utlyser 30 mill: <a href="#">Pilotordning for kommunal praksis i helse- og sosialutdanningene</a></li> <li>• Status meriteringssystem og system for utdanningsfaglig kompetanse</li> </ul>	<p>Prodekan orienterar</p>	<p>10 min</p>
<p><b>Referat:</b></p>				

**Fakultet for helse- og sosialvitskap**

- Nye kriterium for obligatorisk læringsaktivitetar
- Studenttillitsvalt i fakultetet Olivia og Fredrik. Instituttleiari saman med kvalitetsrådgjevar skal ha møte med dei institutt tillitsvalte. Fagseksjonsleder har dialog med klasses tillitsvalte. Det skal opprettast eit Felles team rom for student tillitsvalte.
- Status operasjon praksis:  
Tema for praksisseminar. Mange delprosjekt er i gong. Khrono er invitert til praksis seminaret. Det er 30 -40 frå praksisfeltet som er påmeldt seminaret
- Diku har økt til 50 millioner knytt til nye praksismodellar sjukepleie. Det er mange utlysingar på utdanningsområde. Ein vil søkje innen vernepleie på utlysinga om fleksible utdanningar – utvikle en desentralisert vernepleiarutdanning, frist 1. mars
- Status meriteringssystem - er i gang men det går tregt. Usikkert om det kjem opp for styret i mars. Arbeidsgruppa er i gang med å sjå på Utdanningsfaglig kompetanse

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

<b>9/20 Eventuelt</b>		Berit sei i frå	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	5 min
-----------------------	--	-----------------	---	-------

**Referat:**

Sei i frå:

Den som melder får svar om ein ikkje er anonym. Avdelingsleiar utdanningskvalitet, Solfrid Kjoberg fordeler sakene og sorterer og sender dei til rette vedkommande.

Studentane er fornøgd med ordninga.

Utdanningssaker går til prodekan, personalsaker går til den enkelte fagseksjonsleder.

Kan det lagast ein eigen knapp for praksis?